



Arkivnr: 2014/17378-35

Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

**Ibsens gate 118 i Bergen kommune - sal av eigedom****Samandrag**

Ibsens gate 118 grensar til Haukeland universitetssjukehus. På eigedomen står ein eldre villa som har vore utleigd til Helse Bergen til 2017.

Eigedomen er omfatta av ein reguleringsplan der arealet er regulert til offentleg / privat tenesteyting.

Det er kontakt med Helse Bergen, og dei vurderer om det kan vere aktuelt med kjøp av eigedomen. Dersom eigedomen ikkje lar seg selja med gjeldande reguleringsføreresegner og føringar, så vil Egedomsavdelinga ta kontakt med planmyndighetene med tanke på å få regulert om eigedomen til bustadformål. I så fall vil vi leggja fram ny politisk sak om sal.

Det er innhenta takst og eigedomen er verdsatt til kr 6,2 mill.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 6,2 mill.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner sal av Ibsens gate 118
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 6,2 mill.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg  
1 Takst

### **Fylkesrådmannen, 02.05.2017**

Hordaland fylkeskommune eig Ibsens gate 118 som grensar til Haukeland Universitetssjukehus og er på 1.952 m<sup>2</sup>. På eigedomen står det ein eldre villa som har vore leigd ut til Helse Bergen fram til 2017. Lokala har vore nytta til undervisning av pasientar ved sjukehuset, men Helse Bergen har bygd nye lokale til undervisning på eigen eigedom, og lokala i Ibsens gate 118 står no tomme.

Eigedomen er omfatta av ein ny reguleringsplan der arealet er regulert til offentleg / privat tenesteyting. Det er berre tilkomst til eigedomen med køyretøy via areala til Helse Bergen.

Det har vore kontakt mellom fylkeskommunen og Helse Bergen, og dei vurderer om det kan vere aktuelt med kjøp av eigedomen.

Dersom eigedomen ikkje lar seg selja med gjeldande reguleringsføresegner og føringar, så vil Egedomsavdelinga ta kontakt med planmyndighetene med tanke på å få regulert om eigedomen til bustadformål. I så fall vil vi leggja fram ny politisk sak om sal.

Det er innhenta takst på eigedomen, og marknadsverdien er vurdert til kr 6,2 mill. Taksten er frå 2012, og derfor har næringsmeklar vorte kontakta. Han har vurdert takstmannen si verdifastsetting som riktig i dagens marknad. Taksten vart bestilt i 2012 fordi det var då vi først hadde kontakt med Helse Bergen om kjøp, men dei valde den gongen å halde fram med leigeforholdet.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 6,2 mill.

Sjå neste side for kart og reguleringskart.

